



Arkivnr: 2015/11723-3

Saksbehandlar: Jone Engelsvold

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestinget		08.12.2015

Regionalt forskingsfond Vestlandet - val av fondsstyre for perioden 2016 - 2019

Samandrag

Fylkesutvalet vedtok Fornya samarbeidsavtale mellom Rogaland, Hordaland- og Sogn og Fjordane fylkeskommune om forvaltninga av Regionalt forskingsfond Vestlandet i møte 4. desember 2014 (Saknr 293/2014). Avtalen greier ut prosedyre for val av styre til Regionalt forskingsfond Vestlandet:

Deltakarfylka opprettar eit felles fondsstyre, som også har statlige representantar, etter kommunelovens § 28c om vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd. Det er føreset at vertsfylket nemner opp statens representantar.

Valkomiteen si innstilling følgjer vedlagt

Forslag til vedtak

- 1 Fylkestinget nemner opp Anne Gine Hestetun og Ole Hope som medlemer i styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet med Pål Kårbø som første vararepresentant og Astrid Toft som andre vararepresentant.
- 2 Fylkestinget nemner opp Anne Siri Høiland og Asle Lygre som Staten sine representantar i styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet med Ragnar Tveterås som første vararepresentant og Merete Lunde som andre vararepresentant.
- 3 Fylkestinget tar valkomiteen si samla innstilling til styret for Regionalt forskingsfond Vestlandet til etterretning.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

Vedlegg

- 1 Innstilling til samansetting av styre i Regionalt forskingsfond Vestlandet for perioden 2016 - 2019

Fylkesrådmannen, 25.11.2015

Regionalt forskningsfond Vestlandet skal ha eit styre beståande av 8 medlemmer. Kvart deltakarfylke nemner opp 2 styremedlemer som til saman skal utgjere fleirtalet i styret. Forskningsrådet på vegne av staten innstiller eit mindretal sett saman av 2 medlemmer som vert nemnt opp av verstsfolk. Det vert i tillegg nemnt opp 2 vararepresentantar frå kvart deltakarfylke og 2 vararepresentantar på vegne av staten. Vara-representasjonen er numerisk og ikkje personlig.

Følgjande skal gjelde for styre for fondet:

Dei 6 fylkeskommunale representantane i styret blir dei tre fylkesordførarane og ein "fagperson" frå kvart fylke. Fagpersonane vert rekruttert frå næringslivet, offentleg sektor eller frå forskingsmiljøa.

Styreleiarvervet skal rullere mellom fylkesordførar i Rogaland og Sogn og Fjordane. Styreleiar vert nemnt opp for 2 år om gangen. Fylkesordførar i Rogaland tek på seg styreleiarvervet etter fylkestingsvalet i 2015. Fylkesordførar i Hordaland er styret sin nestleiar.

Valperioden for fondsstyret skal følgje fylkestingsperioden. Etter avtalen mellom fylka vart framlegg til styresamansetting handert i den felles valkomiteen som er oppretta. Verstsfolket gjer formelt vedtak om styresamansettinga. Verstsfolket plikter å følgje valkomiteen si innstilling når det gjeld fagpersonar i frå dei andre fylka og dei statlige styremedlemene.

Fylkesutvalet oppnemnde i sak 316/2015 Bård Sandal som Hordaland sin representant i valkomiteen.

Det er i valkomiteen si innstilling lagt vekt på at styret si samansetting må reflektere forskningsfondet sine prioriterte område. Vidare at det skal vere kontinuitet, under føresetnad av at kjønnsbalansen blir sikra på tvers av fylka. Det er også lagt vekt på at personane ikkje for ofte blir inhabile i saker, samt at dei kan prioritere arbeidet i styret.

Hordaland skal til liks med staten og med Sogn og Fjordane og Rogaland fylkeskommune nemne opp to styremedlemer og to vararepresentantar. Hordaland skal etter Kunnskapsdepartementet sine retningsliner i rolla som verstsfolk også formelt nemne opp staten sine representantar. Dette skjer etter framlegg frå Norges forskningsråd.